# Gåvedryss til lokalt talent

**Amalie Kinsarvik Tvilde (15) vart under Hardanger Musikkfest tildelt to stipend.**

ERNST OLSEN
ernst@hardanger-folkeblad.no
92817724

Den talentfulle musikaren frå Kinsarvik, som har spelt toradar i sju år, vart heidra under overraskingsgallaen på Hotel Ullensvang laurdag kveld. Kveldens først utmerking var det nye stipendet «Stjerneskot», som er i regi av Hardanger Musikkfest.

- Stipendet er på 20.000 kroner og skal gå til unge talent frå vestlandsområdet, fortel Therese Birkelund Ulvo, kunstnerisk leiar av Hardanger Musikkfest.

Tvilde vart også tildelt «Drømmestipendet», som er eit samarbeid mellom Norsk kulturskuleråd og Norsk Tipping. Stipendet består av 100 stipendier à 10.000 kroner, og kvar kommune kan nominera ein person/gruppe innan kategoriar som til dømes dans og musikk. Det er første gong nokon frå Ullensvang vert tildelt «Drømmestipendet». Tar ein med stipendet frå Sparebankstiftinga Hardanger har Tvilde den siste veka vorte tildelt 55.000 kroner.

- Det er heilt overveldande og utruleg kjekt, sa Tvilde til HF etter prisutdelinga.

*- Gir stipenda deg økt motivasjon til å stå på vidare?*

- Motivasjonen har eg heile tida, detta er rein bonus, svara Tvilde og la til at pengegåvene vil koma godt med.



**UTDELING:** *Amalie Kinsarvik Tvilde (t.v.) og Therese Birkelund Ulvo.*

■ Tour des Fjords returnerer torsdag til Indre Hardanger

# Tidenes startfelt

